

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 12/2006

Møtedato: 01.02.06

Arkiv nr:

Elg- og hjortejakt

Kontraktstid for alle jaktfelte er ute og det er aktuelt å kunne endre på vilkåra.

Etter drøftingsmøte med jaktlaga har ein fått følgjande tilbakemeldingar om eventuelle endringar:

Grenser: Det var ynskje om at Trøllhøvdfeltet kunne bli noko utvida ved at grensa mot Bukono kunne gå ved Fikusus, Kjeslaråne og Køltjednet. Ein var og samde om at Vaset burde gå ut av jaktbart areal.

Kontraktstid: Ei lag ynskte alle felt på 2 år, eit lag ynskte alle felt på 4 år og to lag ynskte 2 felt på 2 år pluss 2 felt på 4 år.

Hjortejakt: Laga ynskte å kunne bruke heile jakttida frå 10.9-15.11 i staden for 25.9-31.10.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek følgjande vilkår for elg- og hjortejakta:

Grenser: Grense for Trøllhøvdfeltet blir utvida ved at grensa mot Bukono går ved Fikusus, Kjeslaråne og Køltjednet. Vaset går ut av jaktbart areal.

Kontraktstid: To felt blir utlyst på to år og to blir lyst ut på 4 år.

Hjortejakt: Blir utvida til å gjelde heile jakttida 10.9-15.11 i staden for 25.9-31.10. Det er ikkje tillete å bruk laushund i perioden før elgjakta.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 1.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: